



Så er det over og ut også for gutane. (Foto: Silje Bråtun)

Det er over og ut også for gutar 14 i Norway Cup. Rosendal-laget med 6 frå Uskedalen i mannskapet har no på morgonkvisten tapt 2-1 for Ølen i 16-delsfinalen i B-sluttspølet..

Jentene hadde skrive ROSENDAL på magane sine og stemninga var stor rundt banen.

Like etter starten gjekk Rosendal nesten opp i leiing med gjennombrøt av Sondre Eskeland, men keeper var ute og avverga.

Like etter scora Rosendal mål. Keeper klarera rett i medspelar og ballen gjekk i boge over keeper og i mål. Ølen fekk utlikning midt i omgangen sjølv om det såg ut til at Rosendal hadde kontroll i forsvaret. Så bølga det fram og attende med sjansar for begge lag og Rosendal hadde ein kjempesjanse etter eit kvarter men keeper redda.

Andre omgangen starta med eit lite overtak for Ølen og etter ei stund scora Ølen på frispark. frå utanfor 16-meteren. Like etterpå fekk Johannes gult kort, men frisparket vart redda.

Sondre kom seg laus på venstre side, men det vart ikkje mål.

Mot slutten av kampen var det ein god redning av Rosendalskeeperen og Sondre hadde eit knallskot like utanfor mål.

Av Ola Matti Mathisen